



Årsmelding 2020 frå arbeidsutvalet i Ørsta idrettslag

Leiing

Årsmøtet vart halde i klubblokala 22. juni 2020, og arbeidsutvalet (AU) vart samansett slik:

Leiar:	Erlend Andersen
Nestleiar:	Porshad Hafezi
Økonomileiar:	Per-Bjarne Skarstein
Styremedlem:	Silje I. Raisio
Styremedlem/skrivar:	Ingelin Fagervoll
Vara:	Hjørdis A. Vikenes og Olav Sindre Kriken

Hjørdis Vikenes har frå årsmøtet fungert som fast vara for Fagervoll.

AU saman med alle 10 gruppeleiarane har til saman utgjort hovudstyret. For arbeidsåret 2020 var det 3 møte i hovudstyret (mykje mindre enn normalt, grunna pandemien).

Medlemstal/æresmedlemmer

ØIL sine grupper i 2020: Fotball, handball, friidrett, alpin, trim, langrenn, barneidrett, innebandy, turn og bordtennis.

Etter revidering av medlemslister frå 2020 har ein følgjande tal på medlemmer:

Born under 18 år:	900
Vaksne over 18 år:	600
<u>Totalt</u>	<u>1500</u>

Dette er ei reduksjon på over 150 medlemmer frå 2019. Det er særleg reduksjon på unge under 18 år. Dette heng direkte saman med pandemien.

ØIL har medlemsregisteret i KlubbAdmin. NIF har eit mål om at alle medlemmer skal administrere sin eigen medlemskap gjennom MinIdrett.

Ørsta idrettslag har gjennom åra utnemnt 22 æresmedlemmer. Desse er:

Oscar Finstad, Harald Dybdal, Leiv Rygh, Hans S. Ose, Rolf Flydal, Ingvald Hatlestad, Kåre Myklebust, Petter Homlong, Syver Hovdenakk, Geir Mo, Jarle Aarseth, Steinar Osborg, Grete Bjørdalsbakke Mo, Dagfinn Nupen, Svein Silseth, Gunnar Knutsen, Stein Aam, Arild Bjørdal, Kari Lundestad Myrøld, Helge Moe, Per Hjelle, Jon Olav Kriken.

Anlegg

Ørsta stadion

Driftsplan for anlegget vart vedteke i ekstraordinært årsmøte 2013. Eiga anleggsgruppe skal organisere naudsynt vedlikehald. Grasbana er rundt 40 år, og treng snart rehabilitering. Fotballgruppa brukte bana i liten grad i 2020. Bana har kort sesong i høve kunstgrasbana, og

dårleg å bruke i regnvêr. Grasbana held god nok kvalitet for friidrett. I 2020 vart det brukt robotklippar på graset. Det vart også supplert med større klippar nokre gonger. Friidrettsforbundet var på synfaring i 2019, og konkluderte med at løpebana treng rehabilitering innan få år. Estimert kostnad 3 mill.

Gjerde/portar rundt bana vart reparert i 2020, arbeidet utført av Bakkesmia. Dette er diverre årleg vedlikehald, det er stor slitasje på eit så sentrumsnært anlegg.

Ved inngang til Stadion vart det sett opp nytt skilt, på stålramma den gamle stadionklokka. Med dette skiltet er det ikkje tvil om at Stadion er eigd av ØIL!

Aurstad arena

Kunstgraset vart skifta sommaren 2016. I løpet av 2018 fekk fotballgruppa området rundt bana kraftig oppgradert. Det vart lagd ny drenering rundt bana, med eit eigenutvikla system for oppsamling av granulat. Det vart bygd nye murar rundt bana, fundament til tribune vart støypt, og det vart asfaltert mykje. Dette var med god sponing frå K. A. Aurstad AS.

Kombibygget

Kombinasjonsbygget (lager/tribune/kiosk) mellom stadion og kunstgrasbana var ferdig 2012. I 2016 vart det installert avfuktingsanlegg. Bygget treng utbetring på utsida, ikkje minst for å stoppe lekkasje. I 2018 vart det lagd inn ny straumforsyning til bygget, den førre kom frå klubbhuset. Kommunen tok denne kostnaden med i hallprosjektet.

I samband med oppgradering rundt Kunstgrasbana vart det også sett opp fundament til nytt klubbhus/service-bygg inn mot kombibygget. Fundamentet er på 25x10 m.

Kiwi-hallen

Fotballhallen var ferdig våren 2013. Formelt er det eit eige aksjeselskap (Ørsta fotball AS) som driv hallen. Hallen har stor aktivitet kvar einaste dag. På dagtid vert hallen brukt av Velle skule. Om vinteren er det leigeinntekter på hallen. Kunstgraset er i dårleg stand.

Lager/WC ved Kiwi-hallen

Våren 2016 vart det gamle lageret totalrenovert, og det vart bygd 4 toalett med høg standard. Golvet til Kiwi-hallen er lagra her. Toaletta er diverre utsett for skadeverk, også i 2020, sjølv om det er kamera og vaktrunde i området.

Langrenn

Ved Mosmarka og framover Daleteigane/Sætrevegen har langrennsgruppa gjennom fleire år gjort ein formidabel innsats for å opparbeide langrennsløyper og turstiar. Grunnen er i privat eige, noko som krev eit godt samarbeid med grunneigarane. Langrennsgruppa har sett opp lys i store delar av langrennsløypa.

Dei har også løypemaskin og garasje tilknytt dette anlegget.

Langrennsgruppa har også ansvar for langrennsløypene og lysmastene på Bondalseidet. Mange nyttar løypene, til både trening og trim.

Bondalseidet

På Bondalseidet er ØIL eigar/medeigar i fleire startbuder/tidtakarbuder knytt til alpint og langrenn.

ØIL er medeigar i skisenteret.

Mange foreldre gjer ein stor dugnadsinnsats for å drifte alpingruppa.

Ørstahallen

Den nye, kommunale Ørstahallen opna i januar 2019. I andre høgda har vi klubblokale. Dette er leigeavtale med kommunen. Klubblokala: eit stort og eit lite møterom, eit stort sosialt rom (TV-stove), to kontor, eit lite lager. Ute ved tribunen har vi tidtakar-bod med lager, og speaker-bod. Eitt garderobesett har vi til disposisjon for ute-idrettane, utanom skule-tid.

Økonomi

XO Rekneskap AS førte rekneskapen for ØIL i 2020.

Laget prøver å få mest mogleg idrettsaktivitet for pengane. ØIL har i hovudsak bygd sine eigne anlegg. Laget har likevel relativt lite lån. Økonomien er stram, men under kontroll. Laget hadde samla utgifter på vel 7,7 millionar i 2020, med eit årsresultat på kr. 564 000.

Det er verd å merke seg at laget fekk kr. 930 000 i Corona-støtte frå regjeringa i 2020.

ØIL har låg medlemsavgift, og gruppene held treningsavgifta så låg som mogleg. Vi er rimeleg i regional samanheng, målet er at flest mogleg skal ha høve til å vere med.

Sportsleg aktivitet/aktivitet i gruppene

Ørsta idrettslag er særleg god på breiddeidrett. Dei fleste utøvarane er under 15 år. Svært få idrettslag kan vise til så varierte tilbod som ØIL. Fotballgruppa er den klart største gruppa i ØIL, med rundt 550 aktive.

Elles viser vi til gruppene sine eigne årsmeldingar som fortel mykje om aktiviteten gjennom året.

Aktiviteten i laget var i 2020 hardt ramma av Corona-pandemien. Den 12. mars vart landet langt på veg stengd ned. Resten av året var det fokus på sosial distansering og stramt smittevern. Gjennom året var det periodar det ikkje var lov å trene i det heile, andre periodar lov med trening utan nærkontakt. Det vart etter kvart litt oppmjuking for dei yngste, nokre fekk også lov til å spele lokale kampar. For vaksne, over 20 år, har denne perioden vore ekstra utfordrande. Dei har ikkje hatt lov til å trene normalt, og heller ikkje kampar/konkurranse. For mange har denne perioden vore lite motiverande, noko som har gitt fråfall blant aktive.

Pandemien medførte også stans i alle arrangement. ØIL hadde ingen større arrangement i 2020. Som kompensasjon for tapt inntekt fekk vi støtte frå nasjonale tiltakspakker. Vi klarte også å redusere utgiftene, slik at det vart eit unormalt stort overskot.

Sluttord

ØIL er til for medlemmane. Vår visjon er "idrettsglede for alle". Vi har fokus på at idrettslaget skal vere ein triveleg og trygg arena.

I tillegg er det mange utanfor laget som nyt godt av våre tilbod. Stikkordet er folkehelse!

Vi håper pandemien kjem under kontroll i løpet av 2021, slik at vi kan få tilbake den normale idretts-kvardagen. Vi håper fleire då vil kome tilbake til idretten, med ny energi og motivasjon!

Vi rettar ei stor takk til alle som er med på å drifte idrettslaget. Utan dei mange frivillige som brukar av fritida si til tillitsverv og dugnadar for laget, er det ikkje mogleg å drive ØIL!

Ørsta, 25. april 2021.

Hjørdis A. Vikenes

Erlend Andersen

Silje I. Raisio

Per-Bjarne Skarstein

Porshad Hafezi